Alver kommune

Arkivsaknr: 2026/7911-1
Sakshandsamar: Mikkel Bengtsson
Avdeling: Landbruk

# SAKSFRAMLEGG

Framlegg til høyring av Lokal forskrift om bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort

| Utvalssak | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 71/26 | Utval for areal, plan og miljø | 14.10.2026 |

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 14.10.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 14.10.2026:

Alver kommune sender lokal forskrift for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng i Alver kommune ut på høyring. Dette for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik.

Alver kommune har dokumentert:

- Alvorleg skade på kjønns- og aldersstruktur i bestanden, reproduksjonsgrad og vedvarande slaktvektar på historisk lågt nivå.
- Alvorleg nivå av skadar på jordbruksareal og produksjonsskog.
- Historisk høgt tal trafikkpåkøyrslar.

Verkemiddelet kjem i tillegg til eksisterande forvaltingstiltak og skal ikkje erstatte andre bestandsregulerande verkemiddel. Kommunen ser det ikkje som kritisk, avgjerande viktig å opne for bruk, men meiner at korrekt bruk i ein så kort periode som mogleg kan bety raskare utvikling, fram mot måla for lokal berekraftig bestandsforvaltning.

Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sender lokal forskrift for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng i Alver kommune ut på høyring. Dette for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik.

Alver kommune har dokumentert:

- Alvorleg skade på kjønns- og aldersstruktur i bestanden, reproduksjonsgrad og vedvarande slaktvektar på historisk lågt nivå.
- Alvorleg nivå av skadar på jordbruksareal og produksjonsskog.
- Historisk høgt tal trafikkpåkøyrslar.

Verkemiddelet kjem i tillegg til eksisterande forvaltingstiltak og skal ikkje erstatte andre bestandsregulerande verkemiddel. Kommunen ser det ikkje som kritisk, avgjerande viktig å opne for bruk, men meiner at korrekt bruk i ein så kort periode som mogleg kan bety raskare utvikling, fram mot måla for lokal berekraftig bestandsforvaltning.

Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

## Politisk handsaming

Saka skal til avgjerd i Utval for areal, plan og miljø.

## Saka gjeld

Den nye viltressurslova vedtatt 1.7.2026 byggjer på eit generelt forbod mot bruk av lyskjelder som gir synleg lys og særskilde siktemiddel under jakt og fangst. Dette omfattar restlysforsterkande og termiske siktemiddel, samt andre siktemiddel med teknologi som har til føremål å lyse opp eller forbetre synlegheit av omgjevnadene eller viltet for jegaren.

I denne samanhengen opnar § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst (utøvingsforskrifta) for at det kan gjerast unntak frå det generelle forbodet. Slike unntak skal fastsetjast gjennom kommunal forskrift og gjeld ved jakt på hjort.

*«For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret».*

«Termiske siktemiddel» vert i det følgjande nytta som eit fellesomgrep for restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

For at kommunen kan opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, skal føremålet vere å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik.

Å avverje omfattar både situasjonar der skade allereie har oppstått, og situasjonar der det er påreknеleg at skade vil kunne inntreffe. Med «alvorleg skade» er det meint ein situasjon der skaden har nådd, eller det er venta at han vil nå, ein viss terskel. Det vert lagt til grunn at «alvorleg» viser til ein skadesituasjon som medfører vesentlege skadeverknader. Dette kan til dømes vere beiteskadar av eit slikt omfang på jordbruks- eller skogbruksareal at dei medfører økonomisk tap for grunneigarar. Det kan òg dreie seg om skade på annan eigedom eller person som følgje av trafikkpåkøyrslar, eller om at bestandstettleiken er så høg at han medfører negative konsekvensar for dyrehelsa, til dømes gjennom ein generell nedgang i slaktevekt eller sjukdomsutbrot i hjortebestanden. Utviklinga over fleire år skal til leggjast større vekt enn enkeltståande hendingar.

Kommunen har denne myndigheita som lokal viltmyndigheit fordi den enkelte kommunen står nærmast til å vurdere og dokumentere det konkrete alvorlege skadeomfanget og behovet for å opne for bruk av slike siktemiddel på lokalt nivå. Høvet til å fastsetje kommunale forskrifter er meint som eit snevert vilkårsbunden unntak. Hovudregelen er eit forbod. Før kommunen vurderer å vedta ei lokal forskrift bør det føreligge eit godt dokumentert kunnskapsgrunnlag som viser at forskriftas vilkår er oppfylt.

Dersom skadeverknadene vert reduserte/ avverja, vil det etter kvart ikkje lenger vere grunnlag for å vidareføre unntaket frå forbodet mot bruk av termiske siktemiddel. Kommunane skal derfor gjere ei ny vurdering av behovet kvart femte år.

Opning for bruk av termiske siktemiddel skal gjelde heile kommunen, sjølv om skadesituasjonen eventuelt er avgrensa til deler av kommunen. Kommunen har ikkje heimel i utøvelsesforskrifta for å pålegge ytterleg supplerande føringar for bruken av slike siktemiddel, for eksempel til å opne for bruk i deler av kommunen, tidsavgrensing til bruk eller til kva kjønns- og alderskategoriar som kan felles med termisk.

Samtidig skal bruken avgrensast til opent terreng. Opent terreng er definert som:

*«Med «åpent terreng» menes her terreng som stort sett er fritt for hindringer som bygninger og trær. Eksempler på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være åpne arealer på skogsmark, som hogstflater, naturlige åpninger uten høyt feltsjikt- og buskvegetasjon og områder der skogen er høystammet og glissen».*

### Behov

Kommunedirektøren legg til grunn at ei eventuell forskrift må byggje på eit tilstrekkeleg fagleg og juridisk grunnlag. Etter kommunedirektøren si vurdering dokumenterer kunnskapsgrunnlaget at vilkåret om «alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik» i stor grad er til stades lokalt i kommunen.

Alver kommune har dokumentert:

- Alvorleg skade på kjønns- og aldersstruktur i bestanden, reproduksjonsgrad og vedvarande slaktvektar på historisk lågast nivå.
- Alvorleg nivå av skadar på jordbruksareal og produksjonsskog.
- Historisk høgt tal trafikkpåkøyrslar.

Verkemiddelet kjem i tillegg til eksisterande forvaltingstiltak og skal ikkje erstatte andre bestandsregulerande verkemiddel. Kommunen ser det ikkje som kritisk, avgjerande viktig å opne for bruk, men meiner at korrekt bruk i ei så kort periode som mogleg kan bety raskare utvikling, fram mot måla for lokal berekraftig bestandsforvaltning.

Kommunen understrekar at bruk av termisk siktemiddel-utstyr bør sjåast som eit særskilt verktøy for å avverje alvorleg skade og eit effektivt reiskap til ei kraftfull reduksjon av ei for høg hjortebestand. Opning for bruk av termisk siktemiddel er det meist effektive reiskap til reduksjon av skadar på spesielt innmarksareal årsaka av hjort. Handhaldne innretningar som hjelpemiddel, til observasjon som nyttar restlysforsterkande eller termisk teknologi, har samtidig også effektivisert jakta monaleg.

Periodisk opning for bruk av termiske siktemiddel i forvaltninga av hjort i Alver kommune er et paradoks. Eit dilemma mellom nødtvungen kortvarig effektiv bestandsreduksjon/ bestandsrestaurering/ skadedyrsbekjemping og risiko for negativ verknad på dyrevelferd.

Kommunedirektøren har vurdert at eit ekstraordinært reiskap som termisk siktemiddel krev særskild styring og oppfølging for å sikre at tiltaket får den tilsikta effekten.

Det følgjer allereie av § 29a i forskrift om jakt, felling og fangst at jegerane skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret. Denne rapporteringa gir eit grunnlag for å følgje utviklinga i bruken av termisk siktemiddel og for å vurdere effekten av tiltaket på uttaket. Dersom uttaksprofilen ikkje har ei samansetjing som bidreg til bestandsreduksjon og/ eller bestandsrestaurering, til dømes ved at uttaket i større grad består av ungdyr og/eller bidreg til ei meir robust kjønns- og alderssamansetjing i bestanden, vil føresetnaden for å nytte termisk siktemiddel som eit verkemiddel for å redusere ein for høg bestandstettleik ikkje vere oppfylt. Det er derfor stilla krav om at uttaket som blir utført ved bruk av termisk siktemiddel er i samsvar med kommunen sine kvalitetsnormers uttaksindeksar som minimum i middelskategorien.

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 32 innfører kommunen, som følgje av føre-var-prinsippet og for å hindre eit bestandsmessigt skadeleg uttak av eldre og erfarne bukkar (aldersklasse III og IV), eit krav om at tenn frå alle eldre hanndyr som blir felte ved bruk av termisk siktemiddel, skal sendast inn til kommunen for aldersvurdering etter kvar avslutta jaktsesong.

Det vert lagt opp til å vurdere behovet for vidareføring av forskrifta seinast i samband med revisjon av dei kommunale måla for hjort i Alver kommune seinast i 2030.

**Samanheng med kommunal målsetting og annan verkemiddelbruk**

Landbruksdirektoratet meiner det bør vere samanheng mellom forvaltningsmål og verkemiddelbruk. Etter hjorteviltforskrifta § 3 skal kommunane fastsetje mål for utviklinga

av hjorteviltbestandane, mellom anna basert på beitegrunnlag, bestandsutvikling, skade på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av påkøyrslar.

Landbruksdirektoratet meiner difor at kommunen ikkje kan tillate bruk av slike siktemiddel utan at det ligg føre kommunale mål for ønskt bestandsutvikling. Det same gjeld dersom kommunen har mål om bestandsvekst. Dei kommunale måla bør i slike tilfelle leggje opp til ein avskytings profil som stabiliserer eller reduserer bestanden, avhengig av bestandssituasjonen.

Fastsetjing av minstearealet er eit viktig forvaltningstiltak for å regulere bestandsstorleiken og sikre ei berekraftig hjorteforvaltning gjennom jaktuttak. Minstearealet er i Alver kommune samordna med avskytings strategien for å regulere bestanden til eit berekraftig og robust nivå. Dei siste fem åra har uttaksprofilen hatt ei kjønnsfordeling på maksimalt 40 prosent hann. I prosjektområda for ekstraordinære kortsiktige bestandsreduksjonstiltak Straume/Nordanger nord på Radøy til maksimalt 35% hann.

Alver kommune har justert dei gjeldande minsteareala i 2020 og 2022. Kommunen er delt inn i fem minstearealområde, der dei differensierte minsteareala er baserte på lokale skilnader i beitegrunnlag, bestandstettleik og skadepress. Differensieringa gjer det mogleg å tilpasse forvaltinga til lokale tilhøve og legg til rette for ei meir målretta regulering av hjortebestanden.

**Minsteareal for fellingsløyve og godkjenning av hjortevald er fastsett til:**

| | Gardsnummer | Minsteareal 2022 | Minsteareal 2020 | Minsteareal før 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Radøy med Toska og Marøy | 414, 417-479, 490-492 og 494-502 | 250 daa | 350 daa | 400 daa |
| Radøy, sørom Søre Radøy grunneigarlag og Askeland til og med Alverstraumen | 130-134 og 480-489 | 600 daa | 600 daa | 750 daa |
| Nordangervågen Hjortevald 4631V0016 | 415-416 og 493 Del av 414 med bruksnummer i Vald 4631V0016 | 200 daa | | |
| Gamle Lindås kommune, forutan Alverstraumen | 4-248 | 400 daa | 500 daa | 1500 daa |
| Gamle Meland kommune med Flatøy | 1 og 304-357 | 400 daa | 400 daa | 400 daa |

For å realisere målsetjingane for hjorteforvaltninga i Alver kommune vert minstearealet fråvike der dette er nødvendig for å sikre eit føremålstenleg uttak. Fråvik ved bruk av 50% regelen vert vurdert på grunnlag av lokale levevilkår, bestandsmessige tilhøve, skadeomfang, tidlegare års faktiske uttak og andre ekstraordinære forhold. Fellingsprosenten i Alver har dei siste 3 år gjennomsnittleg vert 69%. Tilstrekkeleg tall løyver til å maksimere uttaket.

Ordninga med kvotefri avskyting av hjortekalv har vert integrert i den lokale forvaltninga av hjort sidan 2022. Tiltaket er hovudsakleg eit verkemiddel til reduksjon og skremming av dei stasjonære hodyrflokkar som gjer alvorleg skade lokalt på landbruksareal.

OV

***Vurdering av bestandstettleik***

Det vart felt 1132 hjort i 2025. Uttaket har sidan 2020 vore relativt stabilt på eit historisk maksimum nivå, med eit gjennomsnitt på om lag 1125 dyr årleg.

På Holsnøy og i tidlegare Lindås kommune har uttaket vore stabilt, med aukande tendens dei siste tre åra. Begge områda hadde fellingsrekord i 2025. På Radøy er uttaket redusert med om lag 23 prosent i perioden, medan nivået var uendra frå 2024 til 2025.

Den gjeldande kommunale målsettinga for hjort frå 2025 skal optimere berekraft i den lokale forvaltning av hjort ved tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik utifrå fastsette toleranseverdiar for skadar i landbruk og på natur samt ønskja utviklingsretning for disse. Dersom toleranseverdiane for landbruksskadar blir overskridne, blir bestanden vurdert for høg samt nivå av skada som alvorleg. Kommunen skal umiddelbart forsøkje å auke uttaket i det aktuelle og omkringliggjande hjortevald.

Det er dokumentert reduksjon av bestandstettheit ved bruk av tannsnitt/ kohort analyser etter uttaka i 2021 og 2024. Reduksjon i bestanden sjås ikkje som grunnlag for å hindre for opning for bruk av termisk då den reduserte bestand stadig belastar økosystemet og bestanden i alvorleg grad. Utgangsbestanden før reduksjon har såleis hatt ein ekstremt høg bestandstettleik når den reduserte bestand stadig årsaker alvorleg skada på natur eller samfunnsinteresser.

Landbruksdirektoratet har i deira rettleiar «*Fastsettelse av lokal forskrift for opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemidler til jakt på hjort*» råda kommunen til å vurdere bestandstettleiken utifrå datagrunnlag som fellingsstatistikk over tid, felt hjort per teljande areal, sett hjort-data, eventuelle innmarkstellingar av hjort etc.

Den auka bruken av termiske hjelpemidlar har dei seinare åra skapt bekymring for om endringane i sett/ skutt hjort-indeksane er valide. Dette spesielt i indeksane «felt per jegerdag» og «sett per jegerdag». Desse indeksane har tidlegare vore styringsverktøy mellom uttaksnivå og bestandsutvikling. Norsk institutt for naturforsking (NINA) - undersøkinga «*Bruk av termiske hjelpemidler under jakt»* har dokumentert at 68% av mannlege jegerar nyttar termiske hjelpemidlar under jakt. Same rapport viser at rundt 60% av dei som nyttar termiske hjelpemidlar rapporterer alle dyr dei observerer. 20% rapporterer kun observasjonar sett utan bruk av termiske hjelpemidlar. Tilsvarande problematikk er gjeldande under vårteljing av hjortebestanden. Det føreslegne datagrunnlag frå Landbruksdirektoratet er ikkje nytta av kommunen til vurdering av kommunens bestandstettleik av hjort, då datagrunnlaget er forureina av seinare års «gråsone» bruk av termisk utstyr.

Kommunedirektøren vurderer det samtidig som umogleg å isolere effekten av termiske siktemiddel på uttaksnivåa i relasjon til bestandstettleik. Uttakstal for hjort dei siste åra i Alver kommune må difor sjåast i lys av ein aukande bruk av termiske siktemiddel. NINA-undersøkinga «*Bruk av termiske hjelpemidler under jakt*» viste at 37 prosent av hjorten som vart felt i Vestlands fylke i siste jaktsesong, vart teken med bruk av termisk siktemiddel. I kva

omfang den effektiviserte jakta ved bruk av både termiske spottar og termiske siktemiddel kunstig kan ha heldt oppe eit omfattande uttak til tross for redusert bestandstettleik er uvisst.

## Vurdering for å fastsette kommunal forskrift


***Bestandsmessige forhold***

Hjortebestanden i Vestland har vore overvaka sidan tidleg på 1990-talet gjennom det nasjonale bestandsovervakingsprogrammet leia av Norsk institutt for naturforsking (NINA).

Bestandsstorleiken på Vestlandet har hatt ein vedvarande auke og er no på eit historisk høgt nivå. Samstundes viser overvakinga ein negativ utvikling i bestandskondisjonen, mellom anna gjennom ein reduksjon i slaktevekter på om lag 10–15 prosent. Det er òg registrert redusert reproduksjon. Delen av 1,5 år gamle koller som får kalv påfølgjande år, er redusert med meir enn 80 prosent. Eit langvarig, høgt jakttrykk på bukk har resultert i lågare snittalder for hanndyra og bestandar med skeiv kjønnsbalanse.

Utviklinga i Alver kommune er i hovudsak i samsvar med utviklinga i Vestland elles. Tiltak for å redusere bestanden, basert på den kommunale målsetjinga frå 2021, har ført til redusert bestandstettleik i fleire område. Dette samstundes med svake teikn til ein meir balansert kjønnsstruktur og betre reproduksjonsrate.

Resultat frå Faun rapport R17: «*Aldersregistrering og bestandsvurdering av hjort i Alver etter jakta 2024»* viser samtidig ei svak auke i gjennomsnittsalder blant spesielt hanndyr i forhald til 2021.




Figur 1. Gjennomsnittsalder for vaksne koller og bukkar felt i Alver 2021 og 2024.

Kommunen registrerer framleis avvik mellom kjønnssamansetjinga estimert gjennom Sett hjort-indeksen (sett kolle per bukk) og berekningar baserte på kohortanalysar. Dette er ikkje i samsvar med målsettingas krav om naturleg aldersstruktur og einsarta kjønnssamansetting i bestanden. Indeksen for sett kolle per bukk viser ein svakt fallande trend. Avhengig av delen hannkalv i bestanden estimerer berekningane frå Faun eit forhold på mellom 1,19 og 1,25 koller per bukk før jakta i 2026.

Alver kommune viser til målsetjinga for hjort 2025–2030, *Berekraftig forvaltning av hjort etter økologiske prinsipp i Alver kommune*. Målsetjinga skal sikre ei berekraftig og balansert

forvaltning av hjortebestanden, basert på føre-vare-prinsippet med omsyn til dyrevelferd, naturmangfald og skade på jord- og skogbruk. Målsettingas kvalitetsnormer og bestandsindeksar er sentrale verktøy for å vurdere bestandstilstanden, med mål om tilstanden «God». Normene er retningsgivande for forvaltninga og omfattar mellom anna alderssamansetjing, uttaksprofil og selektiv avskyting av hanndyr. Kvalitetsnormene er retningsgivande for den kommunale forvaltninga. Dersom fastsette kvalitetsnormer ikkje blir oppnådde i eit område, eller det er risiko for at dei ikkje blir nådde, vurderer kommunen løpande tiltak som kan bidra til at måla likevel blir realiserte. Tilstanden i Alver per i dag er for dei fleste parameterane vere av «dårleg tilstand».

*Tabell 1. Klassifisering av gjennomsnittsvekt-, bestands- og uttaksindeksar for hjort jf. kvalitetsnormer - Alver kommune 2025. Grøn: god, gul: middels, rød: dårleg.*

| **Kvalitetsindekser sett/skutt hjort** | | | |
|---|---|---|---|
| **Gjennomsnittsvekt** | **Gjennomsnittsvekt hannkalvar**<br>*Dårleg 23-26 kg*<br>*Middels 26-29 kg*<br>*God >29 kg* | **Gjennomsnittsvekt hokalvar**<br>*Dårleg 21-24 kg*<br>*Middels 24-27 kg*<br>*God >27 kg* | **Gjennomsnittsvekt fjorkoller**<br>*Dårleg 44-47 kg*<br>*Middels 47-50 kg*<br>*God >50 kg* |
| *Alver totalt* | **25,55** | **23,02** | **43,95** |
| **Bestandsindekser sett hjort** | **Sett kalv pr. kolle**<br>*Dårleg 0,55-0,65*<br>*Middels 0,65-0,75*<br>*God 0,75-0,85* | **Sett kolle pr. bukk**<br>*Dårleg 1,5-2*<br>*Middels 1,0-1,5*<br>*God > 1* | **Sett spissbukk per bukk**<br>*Dårleg >0,4*<br>*Middels 0,2-0,4*<br>*God <0,2* |
| *Alver totalt* | **0,62** | **1,5** | **0,39** |
| **Uttaksindekser** | **Uttaksprosent kalv**<br>*Dårleg 35-40%*<br>*Middels 40-45%*<br>*God >45%* | **Uttaksprosent ungdyr (kalv og**<br>*Dårleg <65-68,5 %*<br>*Middels 68,5-70%*<br>*God >70%* | **Kalveuttak pr. eldre kolle**<br>*Dårleg 1:1,5-1:1,75*<br>*Middels 1:1,75-1:2*<br>*God >1:2* |
| *Alver totalt* | **37** | **67.5** | **1,65** |

## Alternativ

Alternativt kan det bli undersøkt, jf. § 38 i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, om det kan søkjast om dispensasjon frå Landbruksdirektoratet for uttak av berre hodyr og kalv ved bruk av termisk siktemiddel. Ei slik løysing vil utsetje opninga for bruk av termisk siktemiddel til komande jaktsesong, men samstundes eliminere risikoen for eit kontraproduktivt uttak av hanndyr i aldersklasse III og IV.

Mindre realistisk er utvida jakttid i august som kan leggje til rette for eit auka uttak av vaksne hodyr i bestandsreduserande fasar. Jakt i den ordinære jakttida kan føre til gjenteken forstyrring av hjorteflokkane, noko som kan gjere hjorten meir sky og redusere jaktutbytet. I august, når flokkstrukturen er lausare, kan uttaket gjennomførast med mindre forstyrring av flokken. Samtidig er moglegheita for både å ta ut kalv og kolle auka. Hjorten er aktiv gjennom store delar av døgnet i august, med fleire periodar for næringssøk. Lange dagar og gunstige vêrforhold kan dessutan leggje til rette for auka jaktaktivitet. Eit utvida jakttrykk om sommaren kan òg gi hjorten betre tid til å kompensere for det auka energiforbruket før brunsten enn ei tilsvarande utviding av jakta i januar. Jakt i august vil

også betre forsvare skada på den verdifulle 2. slått. Hjortebeiting på ettervekst etter 2. slått er vurdert å ha mindre økonomisk påverknad enn skadar på våren og sommar.

På lengre sikt vil det, i tråd med dei kommunale målsetjingane for hjorteforvaltninga, vere verdifullt å styrkje kunnskapen om korleis dagsaktiviteten til hjortevilt påverkar arealbruken og skadeomfanget. Eit sentralt mål vil vere å styre bestanden mot område der beiteskadar ikkje medfører vesentlege økonomiske tap. Dette kan mellom anna oppnåast gjennom ei meir systematisk planlegging av forstyrringsnivået, der ein integrerer forstyrringsfrie sonar, jaktareal med høg intensitet og intervalljaktprinsippet i den praktiske jaktplanlegginga.


Dersom det ikkje blir opna for bruk av termiske siktemiddel, kan ein mogleg konsekvens vere redusert uttak av hjort. I den siste jaktsesongen vart 37 prosent av hjorten som vart felt i Vestland fylke, teken ut ved bruk av termiske siktemiddel. Dette kan bremse den pågåande reduksjonen av hjortebestanden i Alver kommune.

**Jordbruk**


Forvaltninga av hjort skal oppnå ei haldbar balanse mellom den lokale bestandens størrelse, jordbrukets produktivitet og økonomisk drivverdigheit. Det skal sikrast at jordbrukseigedomar sine driftsføremål og ønskja fleirsidigheit i drifta kan bli nådd på kort og lang sikt.

- Registrert økonomisk skadenivå av hjort på produksjonstilskotsberettiga grovfôrareal og innmarksbeiteareal skal ikkje overskride tap høgare enn 100 kr. Pr. daa. I viktige grasproduksjonsområdar til mjølkeproduksjon får produksjonstapet ikkje overskride 10 % av normal årleg produksjon.

Kommunedirektøren har seinsommaren 2024 og 2025 gjennomført registrering av avlingsskadar forårsaka av hjort på grasproduksjonsareal gjennom frivillige spørjeundersøkingar blant bønder som mottek produksjonstilskot i kommunen. Føremålet var å få eit betre grunnlag for å vurdere den økonomiske belastninga av beiteskadar, tidspunkt for skade, vurdert bestandsnivå, akseptabelt avlingstap og inntekter frå sal av hjortejakt og hjortekjøt.




Figur 2. Estimert økonomisk belastning på gårdsbruksnivå 2025.





Figur 3. Vurdering av balanse mellom hjortebestand og avlingsskade 2025.

**Skogbruk**

Tilpassing av bestandstettheita av hjort på lokalt nivå i Alver kommune skal kunne fastholde det produktive areal for skogsmark og tilpassast etter det kraftig aukande foryngingsareal og registrerte nivå av skade på skog under oppvekst. Med forynging betyr det å etablere ny skog etter hogst.

- Toleransenivå for skotbeiting av hjort i planta foryngingsfelt hogstklasse 2 får ikkje overstige 10% registrert på vertikale toppskott.
- Toleransenivå for frisk årleg borkgnag i produksjonsskog (total sumar og vinter borkgnag) på gran og furu får ikkje overstige 1,5% av framtidsstammar.

Registrering av geografisk fordeling og omfang av beitetrykk på foryngingsareala er føretatt ved fysisk kontroll av felt som har mottatt tilskot til forynging.




Figur 4. Gjennomsnittlig beitepress i prosent (± 2 SE) per år frå hjort på unge granplantar hkl. 2.

Borkgnag på gran i hogstklasse 3 og 4 vart dokumentert i prøveruter i tidlegare Lindås kommune i 2021. NIBIO-rapporten «Beiteskade av hjort i foryngingsfelt og ung

produksjonsskog av gran og furu» viste at 26 prosent av trea hadde skader etter borkgnag frå hjort. Kommunen registrerer ikkje slike skadar fortløpande i felt, men byggjer på meldingar frå skogeigarane. I 2025 vart det meldt om unge granbestand i hogstklasse 3 med nær 100 prosent borkgnag i områda rundt Seim og Høyland. I spørjeundersøkinga «Beiteskadar frå hjort 2025» opplyste dessutan 9 prosent av respondentane at meir enn 30 prosent av stammane i barskogareala på eigedomane deira hadde borkgnag.

**Effektar av beiting på biologisk mangfald**

Alver kommune har per i dag ikkje gjennomført kartlegging eller vurdering av omfanget av skadar på anna naturmangfald som kan grunngje bruk av termiske siktemiddel. Det finst heller ikkje statistikk som dokumenterer konkrete effektar av hjort på naturmangfaldet i kommunen. Kommunen manglar dermed kunnskap om kva som er optimale tettleikar av hjortedyr med omsyn til samla beitepåverknad, og om eventuelle terskelverdiar for kritiske bestandsstorleikar.

Forsking viser samstundes at aukande hjortebestandar kan påverke truga naturtypar og artar i delar av Vestland. I delar av forskingsmiljøet blir det hevda at føre-var-prinsippet tilseier ei rask reduksjon av hjortebestanden til nivået på 1990-talet. I Alver kommune utgjorde uttaket av hjort i perioden 1990–1995 berre 25 prosent av dagens uttaksnivå, medan uttaket i perioden 1995–2000 var 45 prosent.

**Hjortepåkøyrsler**

Trafikkhendingar er ikkje åleine styrt av hjorten sin bestandsstorleik. Forhold som trafikkmengd, fartsgrenser, vêrforhold, arealbruksendringar og utbygging av infrastruktur vil ha betydning for årsvariasjon i viltpåkøyrselstatistikken.

Ein reduksjon av hjortebestanden vil teoretisk bety redusert tall hendingar der vilt kryssar veg. Utfordringa er at gjenværande dyr framleis vil trekka mot dei mest attraktive beite- og opphaldsområda. Det er ikkje sjølvsagt at ein reduksjon av totalbestanden innan eit større område, eksempelvis heile Alver kommune, direkte vil løyse lokale problema. Markant lokal reduksjon av stasjonære dyr i område der hjorten sitt trekkmønster mellom leveområde i skogen og beiteområde på innmark fører til auka sannsynlegheit for kryssing av veg av hjort kan ha effekt. Hardt lokalt jakttrykk kan endre hjorten sitt trekkmønster og gjere det spesifikke beiteområde mindre interessant for hjorten. Talet på påkøyrsler i 2025 er på same nivå som rekordåret 2021.




*Figur 5. Tal påkøyrsler 2016 – 2025 i Alver kommune.*

**Vurdering etter naturmangfaldlova**

Viltressurslova og naturmangfaldlova set rammene for forvaltning av vilt og naturmangfald. Forvaltninga skal vere berekraftig, forsvarleg og i samsvar med dyrevelferdslova. Jakt, fangst og felling skal gjennomførast på ein dyrevelferds messig forsvarleg måte.

Ved offentlege vedtak som påverkar naturmangfaldet, skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 leggjast til grunn. Vurderingane skal gå fram av vedtaket og byggje på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, basert på både vitskapleg kunnskap og relevant erfaringskunnskap. Krava til kunnskap skal stå i rimeleg forhold til saka og risikoen for skade på naturmangfaldet.

**§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget».**

Kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden vert vurdert som tilfredsstillande med unntak av dokumentasjon på skade på mangfald.

Forvaltingtiltaka sin påverknad på bestanden har blitt kontrollert og dokumentert gjennom tannsnitts- og kohort analyse av uttaket kvart 3-5 år for fastsetting av bestandsstorleik, bestandstilvekst og bestandens demografiske utvikling. Dette er dokumentert i : FAUN RAPPORT R12 | 2022 «*Aldersregistering og bestandsvurdering av hjort i Alver etter jakta 2021*» og FAUN RAPPORT R17 | 2025 «*Aldersregistering og bestandsvurdering av hjort i Alver etter jakta 2024*»

Til overordna vurdering av omfang av økonomisk skade på avling på areala i jordbruket og balanse mellom hjortebestanden og omfanget av avlingsskade har det blitt nytta spørjeundersøkingar til bønder som mottek produksjonstilskott i 2024 og 2025.

Registrering av geografisk fordeling og omfang av beitetrykk på foryngingsareala er blitt føretatt i fysisk kontroll av felt som har mottatt NMSK tilskot til forynging. Kontrolltidspunkt er 3 år etter planting for å kvalitetssikre registreringa utan innflytelse frå planteavgang årsaka av snutebiller. Kommunen skal kontrollere minimum 50% av dei årlege foryngingsareala gjennom stikkprøvar.

Kommunen og jaktrettshavarane skal nytte Hjorteviltregisteret, jf. hjorteviltforskrifta §§ 32–33, og så langt som mogleg bruke dei elektroniske løysingane for oppfølging av jakta og

registrering av data om sett hjort, felt hjort og slaktevekter. Hjorteforvaltninga tek utgangspunkt i tilgjengelege data frå Hjorteviltregisteret, mellom anna fellingsstatistikk, kjønnsfordeling, tilvekstrate og slaktevekter. I perioden 2023–2025 vart slaktevekta registrert for 68 prosent av det samla jaktuttaket. Det vart samstundes rapportert om lag 4. 500 jegerdøgn per jakt år.

Alver kommune nyttar ikkje indeksane «felt per jegerdag» og «sett per jegerdag», og heller ikkje vårteljing, som direkte styringsverktøy i hjorteforvaltninga. Dei bestandsindeksane frå «sett hjort» som inngår i kvalitetsnorma, er «sett kalv per kolle», «sett kolle per bukk» og «sett spissbukk per bukk». Bruken av termisk utstyr i kommunen dei siste åra kan ha bidrege til å styrkje kunnskapsgrunnlaget og auke kvaliteten på datamaterialet som ligg til grunn for desse indeksane.

Berekrafta i den lokale hjorteforvaltninga blir samstundes søkt optimalisert gjennom ei tilpassing av bestandsstorleiken til fastsette toleranseverdiar for skadar på landbruksareal og natur, samt til den ønskja utviklingsretninga for desse omsyna. Forvaltninga tek dermed utgangspunkt i målsetjingar knytte til bestandsutvikling og skadeomfang, snarare enn i det isolerte talet på felte dyr eller observasjonar per jegerdag.

Alver kommune har eit tilfredsstillande datagrunnlag for den geografiske fordelinga og omfanget av hjortepåkøyrslar frå og med jaktsesongen 2020. Det ligg òg føre kartleggingar av hyppige kryssingspunkt langs vegstrekningar med høg førekomst av påkøyrslar. Talet på påkøyrslar blir likevel ikkje tillagt vesentleg vekt som ein sjølvstendig indikator på bestandsutviklinga, ettersom påkøyrslar ikkje berre er knytte til bestandstettleik, men òg blir påverka av ei rekkje andre faktorar. Dette endrar ikkje det faktum at talet på hjortepåkøyrslar i 2025 var historisk høgt og på same nivå som i rekordåret 2021.

Alvorlege skadar på produksjonsskog er godt dokumenterte. Datakvaliteten knytt til skadeomfanget i skogbruket er tillagd større vekt enn dokumentasjonen av skadar i jordbruket. Dette kjem av at både beitetrykk og barkgnag i skog er meir presist estimert både gjennom registrering av eksakte tall skada tre på dei aktuelle areala. Det er derimot vanskelegare å estimere det økonomiske omfanget av skadane på jordbruksareala på ein presis og påliteleg måte. I vurderinga av skadeomfanget i jordbruket er det difor lagt større vekt på dei aktive bøndene sine vurderingar av balansen mellom hjortebestanden og omfanget av avlingsskadane enn på det samla økonomiske tapet, både totalt og per dekar (daa). Data utgjer dessverre berre av 125-130 respondentar. Svarprosenten er på knappe 25%. Det er ikkje registrert vesentlege endringar i innsamlinga av skaderapportar frå jordbruket i perioden frå 2024 til 2025.

Det mest tungtvegande dokumentasjonsgrunnlaga er endringar i den naturlege alders- og kjønnssamansetjinga i hjortebestanden, vedvarande historisk låge slaktevekter og ein unaturleg låg reproduksjonsrate. Desse indikatorane er tillagde stor vekt på grunn av den høge datakvaliteten og deira relevans for vurdering av bestandssituasjonen.

Eventuelle skadar på biologisk mangfald som følgje av hjort er ikkje inkluderte i dokumentasjonen, ettersom det eksisterande kunnskapsgrunnlaget på dette området er utilstrekkeleg.

**§ 9 «Føre var prinsipp».**

I tråd med det ovanfor nemnde prinsippet er det, frå Landbruksdirektoratet si side, vurdert som særs uheldig at kommunen ikkje har heimel i utøvingsforskrifta til å fastsetje ytterlegare vilkår for bruk av termiske siktemiddel. Dette gjeld til dømes høve til å innføre tidsavgrensingar for bruken eller å regulere kva kjønns- og alderskategoriar av hjort som kan fellast ved bruk av slikt utstyr.

Kommunen er spesielt uroa for at ei generell opning, utan slike avgrensingar, kan auke jakttrykket på eldre og erfarne bukkar (aldersklasse III og IV). Bukkar som store deler av jegerstanden i Alver kommune og offentleg forvaltning har forsøkt å utvikle sidan 2020.

Desse individa spelar ei viktig rolle i utviklinga av robuste bestandar, i tråd med nasjonale mål for hjorteviltforvaltning og den kommunale målsetting. Vidare har tidsmessige avgrensingar av bruk av termisk siktemiddel kunne redusere den moglege jaktlege forstyrring i brunstperioden.

Erfarne individ reduserer bruk av ope terreng ved fullmåne og gode lysforhold, eksempelvis i forbindelse med snødekke. Dei bruker dårleg ver som regn, tåke og eventuelt skuggeside frå månen langs skogkantar til beskyttelse. Hjorten bruker i utgangspunktet natta og mørket som eit naturleg vern. Dersom ein opnar for termisk siktemiddel som i stor grad fjernar denne avgrensinga, kan det føre til eit vesentleg høgare jakttrykk på erfarne individ.

NINA-undersøkinga «*Bruk av termiske hjelpemiddel under jakt*» viste at 37 prosent av hjorten som vart felt i Vestland fylke i den siste jaktsesongen, vart teken ut ved bruk av termiske siktemiddel. Undersøkinga dokumenterer ikkje fordelinga av uttaket på kjønn og aldersklassar. Ho viser samstundes at jaktmønsteret har endra seg, med lengre jaktøkter utover kvelden, større jaktaktivitet om natta og mindre avhengnad av gunstige vêrforhold. Dette kan auke risikoen for uttak av dyr som elles er vanskelege å felle ved tradisjonell jakt, særleg eldre hanndyr under brunsten, når åtferda deira blir påverka av reproduksjonsaktiviteten.

Erfaringane frå Alver kommune viser at det planlagde uttaket av hanndyr kan oppnåast utan bruk av termiske siktemiddel. I 2020 vart det felt om lag 60 prosent fleire spissbukkar og eldre hanndyr enn gjennomsnittet for perioden 2023–2025. Opning for uttak av eldre hanndyr med termiske siktemiddel kan difor innebere ein risiko for ei uheldig langsiktig endring i alderssamansetjinga i bestanden. Uttak av spissbukk blir vurdert som mindre risikofylt, då dette kan regulerast gjennom fellingsløyva for aldersklassen 1,5 år.

Etter § 29 a har jegeren rapporteringsplikt i Hjorteviltregisteret ved bruk av termiske siktemiddel til felling av hjort. Registreringane dokumenterer omfanget av uttaket, men gir ikkje i seg sjølve svar på om bruken av slikt utstyr aukar uttaket av hanndyr i aldersklassane III og IV. Den kommunale målsetjinga inneheld tilrådingar om prosentvis uttak av hanndyr

fordelt på tre aldersklassar av eldre bukk, med ein målsetnad om ein alder på 12 år. Dette byggjer på eit sentralt prinsipp i viltforvaltninga som i annan forvaltning av fornybare ressursar, det er overskotet som kan fordelast, mens kapitalen, produksjonsevna i naturen, skal bevarast. I perioden der Alver kommune, gjennom dei kommunale målsetjingane, ønskjer å auke gjennomsnittsalder i bestanden, særleg blant hanndyr, blir fysiske kjenneteikn og gevirkvalitet viktige seleksjonskriterium. Slike vurderingar er krevjande også ved bruk av termisk utstyr av høg kvalitet, men enklare å gjennomføre i dagslys.

Alver kommune legg, utover dokumenterte alvorlege skadar på jord- og skogbruk, stor vekt på behovet for å redusere ein for stor hjortebestand med alvorleg svekka økologisk tilstand. Kommunen nyttar kommunale kvalitetsnormer for å vurdere korleis jaktuttaket påverkar bestandsutviklinga og arbeidet med å sikre ein robust hjortebestand. Termiske siktemiddel skal bidra til å nå desse måla gjennom betring av kjønnsbalanse, høgt uttak av hodyr og eit tilstrekkeleg kalveuttak av omsyn til dyrevelferda. Samstundes skal modne produksjonskoller bevarast, og rekrutteringa mellom aldersklassane kalv/ fjorkolle/ung kolle kvalitetssikrast for å sikre ei berekraftig bestandsutvikling.

I tråd med føre-var-prinsippet skal uttaket følgje uttaksindeksane i kvalitetsnormene som eit minimum i kategorien «middels» før bruk av termiske siktemiddel kan vurderast å ha ein bestandsforbetrande og bestandsreduserande effekt.

**§ 10 «Økosystemtilnærming og samla belastning».**

Når føremålet med termisk siktemiddel blant anna er å redusere for høge bestandstettleikar, vil tiltaket vere meist effektivt dersom opninga vert koordinert på kommunenivå, framfor gjennom fragmenterte ordningar for enkeltvald. Ei kommunal tilnærming kan òg betre ta omsyn til variasjonar i bestandstettleik, trekkmønster og næringstilgang. Ei generell opning for heile kommunen kan derimot også føre til auka jaktpress i område der det ikkje er eit reelt behov.

Den omfattande hogsten i Alver kommune endrar hjorten sine leveområde og landskapsbruk, både når det gjeld skjul og tilgang på fôr. Forynging, attgroing og omlegging av skogsareal til innmarksbeite fører til tidsmessige variasjonar i fôrverdien. Alver kommune har no det største foryngingsarealet i fylket, og det er viktig å sikre tilfredsstillande skogforynging for å oppretthalde eit berekraftig skogbruk og bevare produksjonsareala. Bruk av termiske siktemiddel i ope terreng, inkludert foryngingsfelt, kan bidra til å redusere dei alvorlege beiteskadane på forynging av gran og leggje til rette for meir stadstilpassa blandingsskog.

Når termiske siktemiddel blir brukt som eit verktøy for å redusere beiteskadar på jordbruksareal, er det difor avgjerande at bestandsreduksjonen står i eit rimeleg forhold til den fôrressursen som faktisk er tilgjengeleg for hjorten. Ei tilstrekkeleg bestandsreduksjon er nødvendig for å unngå at redusert tilgang til innmark fører til at beitepresset i staden blir flytta til andre delar av landskapet. Dersom bestanden ikkje blir tilpassa den faktiske tilgjengelege fôrmengda, kan konsekvensen vere auka beitepress på produksjonsskogbruket

og potensielt også auka påverknad på naturmangfaldet i utmark. Intensivert nattjakt på innmark kan dermed innebere ein risiko for at beiteskadar ikkje nødvendigvis blir reduserte på landskapsnivå, men i staden blir omfordelte mellom ulike arealtypar.

Skogbruket i Alver kommune er i stor grad basert på bestandsskogbruk med monokulturar av jamnaldrande gran. Denne homogene skogstrukturen kan auke sårbarheita for beiteskadar og borkgnag, særleg i etableringsfasen etter hogst. Skog med fleire tresjikt og større innslag av blanda treslag har gjerne større strukturelt og biologisk mangfald og kan utgjere eit mindre sårbart produksjonssystem. Ei meir variert plantesamansetjing kan òg påverke hjorten sin bruk av beiteressursane. Til dømes kan blåbær bidra til å avlaste beitepresset på trevegetasjonen, medan tette monokulturar av jamnaldrande gran og sitkagran ofte har avgrensa førekomst av blåbær.

Hovudhogsten i kommunen tok til i 2016 og er venta å halde fram dei neste 10–15 åra. Samstundes er foryngingsgraden låg. Berre 44 prosent av hogstflatene dei siste ti åra er registrerte som gjenplanta, og av desse oppfyller berre 22 prosent krava til tilstrekkeleg plantetettleik. Dette vil redusere omfanget av tett granskog i den komande skoggenerasjonen og dermed tilgangen på skjul- og dagleieområde for hjorten. Samtidig med at hogstflater med manglande eller mislukka forynging og tidlegare innmarksbeite som ikkje lenger er i drift, kan auke tilgangen på vegetasjon i utmarka.

Langvarig bruk av termiske siktemiddel utan tilsvarande reduksjon i hjortebestanden kan påverke den romlege fordelinga av dyra. Dersom det auka jaktpresset fører til at hjorten i større grad oppheld seg i tette skogområde, kan borkgnag på ungskog bli oppretthalde eller forsterka i framtida. Dette er særleg viktig for granbestand som utviklar seg til hogstklasse 3 og 4, der tidlege skadar kan få langvarige produksjonskonsekvensar. Med ein normal omløpstid på om lag 60–70 år for gran i Alver kommune kan skadar på produksjonsskog dermed få større samla konsekvensar enn kortsiktige skadar på grasproduksjonsareal.

Auka nattjakt kan medføre meir skotstøy, trafikk og uro på tidspunkt der naboane forventar ro. Dette er særleg relevant ved jakt nær bustader, fritidsbustader og landbrukseigedomar. Skot kan skape utryggleik for menneske og uro for husdyr og beitedyr. Det kan òg oppstå bekymring for tryggleiken frå allmenta ved skyting når det er totalt mørke. Meir nattjakt kan såleis kanskje auke risikoen for konfliktar mellom jegerar, grunneigarar og naboar.

**Dyrevelferd**

Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøve arts spesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individa som kjem dårlegast ut.

*Dyrevelferd ved avliving*

Det er nemnd i debatten at bruk av termiske siktemiddel er ei forbetring samanlikna med konvensjonell optikk under krevjande lysforhold. Korrekt innstilt kvalitetsutstyr kan potensielt bidra til betre dyrevelferd ved at jegerane får betre tid til å observere dyret,

vurdere kjønn og alderskategori og vente på ein eigna skotsituasjon. Samstundes kan dette bidra til auka tryggleik under jakta.

NatureScot Research Report 1311 (2022), «*Study to determine deer welfare issues relating to use of image intensifying rifle sights for the culling of deer at night*», peikar på fleire utfordringar ved bruk av termiske siktemiddel. Studien viser at arts- og kjønnsvurdering av hjortevilt er meir krevjande enn ved bruk av vanleg optikk i dagslys. Sjølv om teknologiske framsteg har betra presisjonen og identifikasjonsevna, er effektiviteten framleis avhengig av vêr- og siktforhold. Manglande oversikt over vegetasjon, kulefang og avstand kan auke risikoen for feilskyting og skadeskyting, med negative konsekvensar for dyrevelferda. God terrengkjennskap og jakt innanfor avgrensingane til jegeren og utstyret er derfor avgjerande.

Det finst døme på feilidentifikasjon ved bruk av termiske siktemiddel, mellom anna tilfelle i Alver kommune der sauer vart avliva ved ein feil, og ein eldre bukk vart forveksla med eit hodyr. I Skandinavia er det òg rapportert om feilskyting av elg, storfe og hest under jakt på villsvin, samt vådeskoting som har ført til personskadar.

Sjølv om kvaliteten på avlivinga er sentral for velferda til det enkelte individet, bør dyrevelferd ved bruk av termiske siktemiddel òg vurderast på bestandsnivå. Frå oktober og utover hausten er hjorteflokkane ofte meir samla enn om sommaren og tidleg haust. Uttak av eitt individ kan derfor påverke andre flokkmedlemmer som observerer eller reagerer på hendinga, og føre til endra åtferd i den attlevande bestanden.

*Ettersøk*

Det vert frå fleire hald hevda at bruken av termiske siktemiddel har redusert talet på ettersøk dei siste åra. Det er likevel uvisst om dette inneber færre tilfelle der døde dyr vert funne med hund nær skotplassen, noko som i seg sjølv er eit avgrensa mål på dyrevelferdseffekten.

Ein praktisk fordel med termiske siktemiddel er at jegeren kan observere reaksjonen til dyret straks etter skotet. Dette kan gjere det enklare å vurdere behovet for ettersøk. Skotreaksjonen hos hjort varierer likevel mykje, og manglande reaksjon eller synleg blodsprut er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere med at dyret ikkje er skadeskote. Blodsprut frå dyret kan dessutan vere vanskelege å oppdage dersom kula ikkje går gjennom dyret, eller ved konturtreff.

Auka jaktuttak i mørke kan teoretisk føre til fleire ettersøk, særleg sett i lys av kravet om at ettersøk skal setjast i verk innan fire timar etter skadeskyting. Ettersøk i mørke skjer dessutan på eit svakare informasjonsgrunnlag enn i dagslys. Det kan vere vanskelegare å fastslå skotplassen og oppdage hår, beinsplintar og blodspor, mellom anna på grunn av usikker avstandsbedømming. Mørket kan òg avgrense strategisk bruk av forpostar, som brukast i nokre tilfelle ved ettersøk på Vestlandet.

*Dyrevelferd i den tilbakelevande bestand*


At bruk av termisk teknologi legg til rette for auka jaktaktivitet og eit høgare forstyrringsnivå i den mørke delen av døgnet, vanskelege månelysforhald og i skumringa, er dokumentert i undersøkinga frå NINA, «*Bruk av termiske hjelpemidlar under jakt*». Auken i forstyrringar som følgje av dette skjer i dei periodane av døgnet då hjorten er mest aktiv, mest trygg og tek til seg mest fôr.

Hjorten er naturleg tilpassa eit halvope landskap og er i utgangspunktet dagaktiv, med høg aktivitet i skumringa. Utbreiingsområdet blir i stor grad påverka av næringstilgang, tryggleiksbehov og lokale klimatiske forhold. Når tryggleik blir prioritert framfor næring, kan hjorten utvikle ei åtferd der han er til stades utan å vere synleg. Dagsaktiviteten blir då i større grad flytta til mørket, som fungerer som vern mot menneskeleg aktivitet. Samstundes trekkjer dyra inn i tettare og meir skjerma skogområde for å redusere risikoen for å bli skotne.

Det er usikkert i kva grad bruk av termiske siktemiddel vil påverke hjorten sitt naturlege, halvopne habitat og bidra til utviklinga av eit «fryktlandskap». Det er òg vanskeleg å fastslå korleis dette kan avgrense høvet hjorten har til å utøve naturleg, artstypisk åtferd, realisere sitt biologiske potensial og oppretthalde ein naturleg døgnrytme. Tilsvarande er konsekvensane av forstyrringar knytte til jaktuttak i brunstperioden under mørke forhold usikre.

Utviklinga mot bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta i Noreg kan forståast som ei gradvis forskyving av grenser for dyrevelferd gjennom auka forstyrrelsesnivå. Når utfordringar knytte til hjortebestanden aukar, blir stadig meir omfattande verkemiddel tekne i bruk. Noreg skil seg ut ved at nattjakt på hjort i naturleg måneskin er ein del av den ordinære hjorteforvaltninga, samstundes som skumringsjakt òg er tillaten. Når hjorten har tilpassa seg måneskinns- og skumringsjakt kan det oppstå eit behov for nattjakt. Ei slik utvikling kan føre til at jaktforstyrringane blir utvida frå skumring til heile natta og gjennom heile jaktsesongen. Dermed kan hjorten miste mørket som eit viktig vern mot jaktpress, samstundes som moglegheitene for vidare åtferdsmessig tilpassing blir avgrensa. Mørket sluttar å fungere som vern.

I det norske prosjektet «Agrideer» er betydninga av innmarka for hjortebestanden blitt undersøkt. Det er belyst at områda med god tilgang på innmarksareal for hjorten reduserer negative tettleikseffektar ved at vektnedgangen blir mindre. Hjorten sin årsvariasjon i bruk av innmark i relasjon til kjønn er også undersøkt.




Figur 6. Hjortens bruk av innmarksareala i relasjon til tid på året og kjønn. Julian day 244/ 1. september – julianday 274/ 1. Oktober - julianday 300 er slutt oktober (etter brunst).

Når innmarksbeite i aukande grad fell ut av det tilgjengelege fôrgrunnlaget for hjort ved bruk av termisk siktemiddel for å redusere alvorleg skada på innmarksareala vil dette negativt påverke hjorten. I Alver kommune vart i gjennomsnitt 67 prosent av det registrerte hjorteuttaket i perioden 2023–2025 teke ut på innmark. I 2023 var denne delen 71 prosent. Frå 1. oktober, når dagslyset blir vesentleg redusert og termisk siktemiddel dermed får særleg stor praktisk betydning for hjortejakt, viser registreringane for same periode ein aukande del av uttaket etter denne datoen. Uttaket frå og med 1. oktober auka frå 39 prosent til 53 prosent av det samla registrerte uttaket.

Når hjorten vert halden borte frå ei svært viktig fôrkjelde på eit kritisk tidspunkt av året, kan dette ha negative konsekvensar for dyrevelferda. Bukkane skal ta att vekttapet dei har hatt i samband med brunsten, medan kollene som har kalva, skal restituere seg etter belastninga frå laktasjonen og førebu kroppen på ein ny kalv komande sommar. Kalvane har heilt eller delvis gått over til plantebasert føde og får dermed mindre eller ikkje lenger mjølk frå hodyret. Alternativ til fôrresursen på innmarka er utmarka. Fôrtilgangen i ikkje-gjødsla utmark er generelt mindre næringsrik enn på gjødsla intensivt drivne jordbruksareal. Dette kan innebere at hjorten må bruke større areal og lengre tid på næringssøk for å dekkje næringsbehovet. Det vil krevje dagsaktivitet hos hjorten. En aktivitet som kan være redusert i jakttida.

Alver kommune kan ikkje eintydig framvise dokumentasjon, verken på kort eller lang sikt, om tiltaket eventuelt betyr ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet eller utgjer ei samla trussel mot dyrevelferd i kommunens hjorteforvaltning.

### Høyringsfrist

Framlegg til forskrifta vert sendt ut til aktuelle statlege mynde og andre interessentar, og vert publisert på kommunen si heimeside.

Etter gjennomført høyring vil kommunedirektøren vurdere om forskrifta vert lagt fram for vedtak til kommunestyret.

## Kommunedirektøren si tilråding

Alver kommune sender lokal forskrift for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng i Alver kommune ut på høyring. Dette for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høg bestandstettleik.

Alver kommune har dokumentert:

- Alvorleg skade på kjønns- og aldersstruktur i bestanden, reproduksjonsgrad og vedvarande slaktvektar på historisk lågt nivå.
- Alvorleg nivå av skadar på jordbruksareal og produksjonsskog.
- Historisk høgt tal trafikkpåkøyrslar.

Verkemiddelet kjem i tillegg til eksisterande forvaltingstiltak og skal ikkje erstatte andre bestandsregulerande verkemiddel. Kommunen ser det ikkje som kritisk, avgjerande viktig å opne for bruk, men meiner at korrekt bruk i ei så kort periode som mogleg kan bety raskare utvikling, fram mot måla for lokal berekraftig bestandsforvaltning.